

## **Saksprotokoll i Vestland ungdomsutval - 17.09.2021**

**Sander Eide Aase** sette fram slikt fellesforslag:

«Alternativ

Vestland Ungdomsutval syns framleggget til RTP er svært godt.

Me ynskjer å belysa at for vår del er det viktig å få fram alle punkta i vårt politiske planprogram. Mange av punkta basera seg på at det skal verta enklare for born og unge å nyta seg av kollektivtilboda i fylket. Me ser at miljødelen av planen kan nyta godt av ei god ordning på kollektivtransporten i heile fylket. Det må og leggast til rette for at det skal vera lettare å velja kollektiv transport i skuleskyssen.

Me har og eit punkt som går på ras og trafikksikring. Dette er særsviktig i eit fylke som Vestland. Me treng ein vegpolitikk som basera seg på at alle kan ferdast trygt. Fylket må stå på for å få større overføringer frå staten.

Når det kjem til urban mobilitet vil me dra fram ordningar som bisykkel. Dette er noko me ser at det er gode utsikter for å kunna optimalisera ytterlegare. Med til dømes elektriske bisyklar, fleire bisyklar og eit betre parkeringssystem for kommersielle elektriske sparkesyklar.

Transport på sjø er og viktig for å halda på busetnaden langs kysten. Vestland er eit av dei fremste kystfylka i landet. Me og verdsleiane på teknologutvikling. Vestland har moglegheiter til å gå i front, og den moglegheita bør me ikkje la gå i frå oss.

FOT-rutene er ei viktig samferdsleordning som me vonar fylket tek på alvor. Moglegheitene el-fly gjer oss i framtida kan føra til hyppige avgangar mellom alle dei 6 ulike kommersielle flyplassane i fylke, og såleis revolusjonera korleis ein kjem seg fram i Vestland. Dette vil og kunna opna for meir samhandling mellom unge på tvers av mange av dei største regionane i fylket. For at dette skal kunne gå er det også viktig at Vestland Fylke fortsett på eigarsida i Stord Lufthamn, som i framtida kjem til å kunna spela ei stor rolle i Sunnhordlandsregionen si tilknyting til resten av fylket.

Me hadde og ei von om at planen hadde vore litt mindre Bergens-orientert og heller teke for seg utfordringar knytt til kollektiv og mobilitetsutfordringar i heile fylket.»

### **Avrøysting**

Eide Aase sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Uttale frå Vestland ungdomsutval**

Vestland Ungdomsutval syns framleggget til RTP er svært godt.

Me ynskjer å belysa at for vår del er det viktig å få fram alle punkta i vårt politiske planprogram. Mange av punkta basera seg på at det skal verta enklare for born og unge å nyta seg av kollektivtilboda i fylket. Me ser at miljødelen av planen kan nyta godt av ei god ordning på kollektivtransporten i heile fylket. Det må og leggast til rette for at det skal vera lettare å velja kollektiv transport i skuleskyssen.

Me har og eit punkt som går på ras og trafikksikring. Dette er særsviktig i eit fylke som Vestland. Me treng ein vegpolitikk som basera seg på at alle kan ferdast trygt. Fylket må stå på for å få større overføringer frå staten.

Når det kjem til urban mobilitet vil me dra fram ordningar som bisykkel. Dette er noko me ser at det er gode utsikter for å kunna optimalisera ytterlegare. Med til dømes elektriske bisyklar, fleire bisyklar og eit betre parkeringssystem for kommersielle elektriske sparkesyklar.

Transport på sjø er og viktig for å halda på busetnaden langs kysten. Vestland er eit av dei fremste kystfylka i landet. Me og verdsleiande på teknologiutvikling. Vestland har moglegheiter til å gå i front, og den moglegheita bør me ikkje la gå i frå oss.

FOT-rutene er ei viktig samferdsleordning som me vonar fylket tek på alvor. Moglegheitene el-fly gjer oss i framtida kan føra til hyppige avgangar mellom alle dei 6 ulike kommersielle flyplassane i fylke, og såleis revolusjonera korleis ein kjem seg fram i Vestland. Dette vil og kunna opna for meir samhandling mellom unge på tvers av mange av dei største regionane i fylket. For at dette skal kunne gå er det også viktig at Vestland Fylke fortsett på eigarsida i Stord Lufthamn, som i framtida kjem til å kunna spela ei stor rolle i Sunnhordlandsregionen si tilknyting til resten av fylket.

Me hadde også ei von om at planen hadde vore litt mindre Bergens-orientert og heller teke for seg utfordringar knytt til kollektiv og mobilitetsutfordringar i heile fylket.